



Notat

Dato: 02.11.2018
Arkivsak: 2015/10348-35
Saksbehandlar: rolrosel

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål om å presentera reiselivsprodukt på skjerm på snøggbåtane

På møte i fylkesutvalet 20 september 2018, stilte representanten Synnøve Solbakken (A) slikt spørsmål.

Møte med Bergen reiselivslag 19.september var interessant, det blei bl.a. sagt kvifor ikkje fylla opp setene på båt og buss- spesielt der det er ledig kapasitet i rutene.

Kvifor ikkje ha presentasjon på skjerm om bord i snøggbåtane om alle gode reiselivsprosjekt i regionen/Hordaland? Dette for å få endå meir folk ut i distrikta.

Svar på spørsmålet.

Fylkesrådmannen syner til tidlegare politisk handsaming og vedtak om at ein ikkje har reklame i kollektivtrafikken i Hordaland. Skyss får mange førespurnader om fremjing av bodskap og kjøp av reklameplass på plakatar og skjermar på buss, båt og bybane, både frå offentlege og private aktørar. I tråd med fylkestinget sine vedtak og prinsippet om likehandsaming svarar ein nei til alle slike førespurnader. Dersom ein ønsker å opne opp for å informere om reiselivsprodukt om bord på båtane, må ein også ta stilling til prinsipp for kva aktørar og bodskap som skal kunne få profileringsplass og korleis dette skal handsamast.

Skjermane om bord vert brukt til obligatorisk informasjon om tryggleik, og elles til Skyss sine eigne informasjons- og haldningskampanjar. Sidan dei som ser desse bodskapa allereie er om bord, trur ikkje fylkesrådmannen at desse skjermane er ein eigna kanal til å marknadsføre Skyss sine tilbod som reiselivsprodukt. I samband med ei etablering av «Travel like the locals» som konsept i Hordaland vil det vere nadusynt å vurdere både kva kanalar som er egna for marknadsføring mot relevante målgrupper og kven som skal ha ansvar for kva i denne marknadsføringa.

